



Vår ref.: 2021/162-2

Dato: 15.01.2021

Retningslinjer for tilskot

Tilskot til prosjektering, utbetring og tilpassing

Føremål

Tilskotsordninga skal bidra til at personar med behov for tilpassa bustad, no eller i framtida, får gjort nødvendige tilpassingar slik at dei fortsatt kan bu heime ved nedsett funksjonsevne.

Kven kan få tilskot?

Tilskot kan bli gitt til:

- Personar med nedsett funksjonsevne
- Eldre som ønskjer å tilpasse bustaden sin, slik at dei fortsatt kan bu heime ved framtidig nedsett funksjonsevne.
- Tilskot vert gjeve til husstandar som ikkje har høve til å finansiera tilpassinga sjølv.

Personar som eig eigen bustad, kan få tilskot.

Ved søknad om tilskot til tilpassing skal det liggja ved uttale frå ergo-/fysioterapitenesta.

Tilskot kan og bli gitt til prosjektering. Dette skal då dekke kostnader til fagleg bistand til prosjekteringa dvs. arkitekt eller anna faghjelp. Dette tilskotet skal sjåast i samanheng med tilskot til tilpassing.

Startlån kan òg bli gitt til finansiering av tilpassing av bustad saman med tilskot eventuelt i staden for.

Kva blir det gitt tilskot til?

Tilskot til tilpassing kan gjevast til alt frå enkle tiltak til større ombyggingar, til dømes:

- Utvendig terrengarbeid der det er naudsynt for å betre tilkome til huset.
- Påbygging/ombygging av bustad for å få alle bruksrom på eitt plan.
- Utviding av døropeningar/rom/korridorar og byte av dører, inkludert branndører.
- Fjerning av tersklar og terskelplater.
- Installering av eller tilrettelegging for velferdsteknologi som får bustaden til å fungere betre og førebyggje behov for tenester eller innlegging i institusjon.

Anna arbeid som er nødvendig for at personar med nedsett funksjonsevne kan fortsetje å bu heime.

Kor stort tilskot kan tildelast?

Det vert gjeve tilskot for kostnader med inntil kr. 50 000,- pr bustad.

Dersom utbetringa/tilpassinga er dyrare enn kr. 50 000,- kan godkjente kostnadar utover dette finansierast med ein kombinasjon av tilskot og lån.

Tilskotet er avhengig av tilgjengelege midlar i kommunen, samt ei heilskapleg vurdering av behov og mogelegheiter for stønad frå andre offentlege ordningar. Tilskot frå Kvinnherad kommune er behovsprøvd, og forutsett at søkjar ikkje har andre muligheter til å finansiera tilpassinga.

Det vert ikkje gjeve tilskot til ordinært vedlikehald og oppussing.

Det blir bare gitt tilskot ein gong.

Søknadsfrist

Tilskot til tilpassing er sterkt behovsprøvd, og skal rekke til flest mogleg tiltak. Det er difor tildeling to gongar i året, og søknadsfrist på disse er den 31.03. og 31.08.

Sikkerheit

Det skal krevjast pant i bustaden eller i heimelsdokumentet til bustaden, til sikkerheit for eventuelt krav om tilbakebetaling av tilskot, jf. punkt om tilbakebetaling under. Pant skal vera innanfor 100% av bustadverdien. (Dette gjeld berre for dei tilfella der søkjaren både får tilskot til prosjektering og tilskot til tilpassing som er meir enn 50 000 kroner.)

Tilskot på inntil 50.000 kroner kan gjevast utan sikkerheit.

Utbetaling

Tilskotet kan utbetalast i takt med framdrift av arbeidet, eller samla når:

- bustaden er overteke
- prosjektet er ferdigstilt
- tilpassinga er gjennomført
- tilfredsstillande sikkerheit er etablert – forsikring på bustaden skal vera gjort og event. pant skal vera i orden.
- søkjar har dokumentert at kostnadene er påkomne og fakturert.

Avskrivning

Tilskot over 50 000 kroner skal ha pant i bustaden, og skrivast ned med 10% for kvart heile år husstanden bur i bustaden.

Krav om tilbakebetaling

Tilskot skal krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom føresetnadene for tildelinga ikkje vert innfridd. Det må kome tydeleg fram av låneavtalen dersom kommunen for eksempel vil sikre at ein bustad, som er delvis finansiert med tilskot, ikkje kan framleigast.

Blir bustaden overdrege til ny eigar, vil attståande tilskot bli kravd tilbakebetalt, eventuelt gjort om til rente- og avdragspliktig lån. I særlege tilfelle, for eksempel ved sal av bustad som fører til tap, kan ein gå frå kravet om tilbakebetaling av tilskotet.

Høve til å klage

Kommunen sitt vedtak skal vere skriftleg og må innehalde opplysningar om høve til å klage på kommunale vedtak. Det kan klagast på tildeling, utmåling, avvising og avslag etter reglar i forvaltningslova. Klagen skal sendast kommunen og handsamast i klageutvalet.